

## REFERAT

Første møtet om prosjektet "På tur i Oppstryn"  
på Matstova mån. 8.04.2024 kl 19.00.

Sak 1/2024

*Kort presentasjon av prosjektet og dei frammøtte.*

Olav Auлем orienterte om prosjektet.

INT overtok søknaden som Oppstryn Bygdeutviklingslag sende inn til Hjartebank 2024 sist haust då 1000 000 kr skulle delast ut til gode formål i Stryn kommune. Med mindre endringar på søknaden har Olav allereie greidd å få inn store midlar gjennom sine "kanalar". Desse er øyremerka prosjektet "På tur i Oppstryn" som går ut på å rydde, merke og publisere om lag 10 mil med stiar i Oppstryn.

*Desse møtte:* Gerd Berit Veum, Leif Arne Brekke, Rannveig Marit Mindresunde, Stig Skåre, Asbjørn Berge, Mons Rune Guddal, Tor Guddal, Olav Auлем, Frank S Guddal, Idar Skogli, Per Jakob Kyrkjeeide, Ole Runar Aabrekk og Wenche Nesje.

Dei sju førstnemnde utgjer ansvarsgruppa for den praktiske gjennomføringa av prosjektet. Olav Auлем har eit overordna ansvar som leiar i INT.

Sak 2/2024

*Olav fortel om midlane vi har til rådighet, og korleis vi tenkjer at dei skal brukast.*

*Korleis gjekk dei fram i Utvik med eit tilsvarande prosjekt?*

Så langt har Olav fått inn 180 000 kr, men han har inne søknadar som truleg vil gje endå meir i potten. Prosjektet går over tre år, og ein vil søkje om nye midlar dei to neste åra.

16 000 kr er sett av i budsjettet til å lønne ungdom som kan tenkje seg å bli med i arbeidet mot ei timeløn på 160 kroner! Elles er det meste av arbeidet basert på dugnad.

Olav fortalte litt om erfaringane frå Utvik. Han presiserte at det var svært viktig å starte arbeidet med å informere grunneigarane og få dei med på laget. Det vart brukt eit spesielt avtaleskjema som vi bør kopiere. Stiane bør/må ha ein godkjend parkeringsplass som utgangspunkt.

Sak 3/2024

*Gjennomgang av dei stiane vi tenkjer oss bør ryddast og skiltast,*

*og korleis vi vil prioritere arbeidet.*

Her vart det vist til eit oppsett over dei mest aktuelle stiane i setredalane. Dei ansvarlege for dei ulike dalføra står fritt til å prioritere arbeidet og eventuelt velje bort eller legge til andre ruter.  
Oppsettet ligg ved referatet.

Sak 4/2024

*Grunneigarar, nasjonalparkmyndigheter, villrein-nemnder (?) evt. andre instansar må godkjenne arbeidet før vi set i gang.  
Korleis går vi fram, og kven tek seg av dette?*

Ein del av stiane går inn i nasjonalparken, og her er det viktig at ein har dialog med nasjonalparkmyndighetene. Olav kan formidle kontakt med desse. I nokre område kan vi også kome inn i villreinsområde. Det gjeld både Sunndalen og Grasdalen. Her må vi ta kontakt med villrein-nemnda.

Sak 5/2024

*Vi har ein kontaktperson frå kvart dalføre/bygdelag med unntak av Flo. Er det greitt at kontaktpersonen får ansvaret for å organisere det praktiske arbeidet i sitt område?  
Måling, penslar, retningskilt, namneskilt, informasjonstavler må tingast gjennom INT??*

Ansvarsgruppa består av medlemmar som får eit hovudansvar for kvar sine dalføre.

<i>Gerd Berit Veum</i>	Furedalen.
<i>Leif Arne Brekke</i>	Brekkedalen, Glomsdalen
<i>Rannveig Marit Mindresunde</i>	Fosdalen
<i>Stig Skåre</i>	Erdalen
<i>Asbjørn Berge</i>	Glomsdalen, Grasdalen
<i>Mons Rune Guddal</i>	Sunndalen, Skjeringsdalen
<i>Tor Guddal</i>	Sunndalen

Dei ansvarlege må tenkje gjennom og få klarsignal frå grunneigarar kvar ein kan parkere, om det bør vere ei informasjonstavle med kart og info om turen, kva slags namneskilt som skal opp, retningspiller m.m.

På nettsida *turskilt.no* kan ein velje utforming av skilt og ved bruk av appen *norgeskart friluftsliv* kan ein få plotta ruta nøyaktig inn i kartet også med høgdeprofil. Eit anna alternativ er *strava*.

INT vurderer å kjøpe inn nokre batteridrivne ryddesager som kan lånaust ut. Elles må ein halde reiskapar sjølve.

Sak 6/2024

*Naturstiane til Nasjonalparksenteret må reviderast og digitaliserast,*

*og nummerskiltet må delvis setjast opp på nytt.  
Vi har fått klarsignal fra Nasjonalparksenteret.  
Kan dette arbeidet gå inn i prosjektet vårt?*

Asbjørn og Tor tek seg av arbeidet med å digitalisere naturstiane. Målet er å revidere og oppdatere desse og legge dei ut på nettsidene til bygdeutviklingslaget (Bygdehøbben) og nasjonalparksenteret. Like eins er det eit mål å leggje dei ulike turane ut på desse sidene illustrert med bilde. Og de bør leggast ut på nettsida ut.no.

Sak 7/2024

*Kva for framdriftsplan ser vi føre oss?*

Vi bør kome i gang med planlegging ganske raskt slik at ein får sendt søknadar til grunneigarlaga og evt. andre instansar. Arbeidet med rydding av stiane kan startast opp når snøen er borte. Leiar for grunneigarlaget bør vere kontakta først.

Sak 8/2024

*Kven vert med på stimerkingskurs på Teams torsdag 18. april?*

Olav melder inn alle medlemmane i ansvargruppa med e-postadresser. Ein får då tilsendt e-post der ein kan melde seg på teams-møtet.

Sak 9/2024

*Eventuelt*

Tor kom med forslag om at vi avtalar eit møte før ferien der ansvarsgruppa kan samlast og melde om kva som er gjort så langt og dele erfaringar og utfordringar.

***Vi tek sikte på å møtast igjen mandag 27. mai.***

Ref. Asbjørn Berge